



Juniorlaget som spelar TV-kamp onsdag kl.15.30

Dei 3 klubbane Trio, Rosendal og Halsnøy samarbeider denne sesongen om juniorlag. Dermed har det spelarar frå mange bygder i Kvinnherad. Dette laget er i Norway Cup, og i morgon, onsdag, kan vi sjå kampen dei spelar på TV.

Onsdag startar sluttspillet, og då møter Kvinnheradslaget jamaldringane frå Holmlia.

Kampen vert altså direkte overført på TV. Den vert vist på TV2 Sportskanalen, og starttidspunktet er kl.15.30.

Det er to uskedelingar som spelar på dette laget. Det er Stian Storevik Myklebust og Hans Fredrik G. Zimmer.

Laget heiter Rosendal/Trio/Halsnøy, men i morgon heiar vi på Kvinnherad, skriv il Trio på si heimeside. Det er kjekt at laget vert profilert på denne flotte måten når vi endeleg har fått til eit samarbeidslag for heile kommunen.

Heia Kvinnherad!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Il Trio.